

ÅRSMELDING

2022



LOM FJELLSTYRE



Føreord

Årsmeldinga for 2022 er ei samanfatning av den forvaltninga fjellstyret har utøvd, og eit forsøk på å beskrive den aktiviteten det har vore i fjellstyret siste året. Den er vidare ei oppsummering av den uteaktiviteten oppsynet og andre tilsette for fjellstyret har utført gjennom året, og denne delen byggjer i første rekkje på registreringar og inntrykk frå dei. Det er eit mål at årsmeldinga skal innehalde faktaopplysningar som er allment interessante og relevante, og på den måten også for seinare kunne ha ei viss historisk verdi.

Forsidebildet: *Sau på beite 2000 meter over havet*

Innhald

Føreord	1
1. FJELLSTYRET – ADMINISTRASJONEN	4
Fjellstyresamansetjing og administrasjon	4
Arbeidsmiljø og likestilling	4
Ytre miljø	4
Møte og synfaringar.	5
Representasjon og kurs for fjellstyremedlemmene/administrasjonen.	5
2. OPPSYNTENESTE	6
Oppsynsteneste, tenestosal til SNO og anna utført feltarbeid.	6
Rekrutteringsarbeid og samarbeid med skular.....	6
Kurs og fagsamlingar for tilsette.	8
Rapportar – samarbeidet med SNO.	8
3. DYRKING, SETER OG BEITEBRUK.	8
Setersaker.....	8
Tilleggsjord	8
Fellesdrifter og beitebruk	8
Tamreinbeite	9
4. ANNA AREALDISPONERING – VERNEOMRÅDE.	9
Fritidshytter.	9
Turistanlegg.	9
Anna om arealdisponering.	9
Verneområda i allmenningen.	10
5. Eigne hytter og anlegg.....	10
Fjellstyrehyttene.....	10
Joflyvegen.	12
6. VILTSTELL OG JAKT	12
Småvilt.....	12
Villrein.	13
Elg- og hjort.....	13
Rådyr.	15
7. FISKE.....	15
Fiskekortsalet.	15
Settefisk.....	16
.....	17

Anna kultiveringsarbeid.....	17
Anna om fiskestellet.....	17
8. ØKONOMI.....	17

1. FJELLSTYRET – ADMINISTRASJONEN

Fjellstyresamansetjing og administrasjon

Lom fjellstyre forvaltar bruksrettane etter fjellova i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenningar i Lom kommune. Det totale arealet er på ca. 1,2 mill. dekar og utgjer ca. 62 % av heile arealet i kommunen. Fjellstyret består av 5 medlemmer valde av kommunestyret, som også oppnemner leiar og nestleiar i styret.

Fjellstyret har denne samansetjinga i valperioden 2019-2023:

Medlemar

Erik Frisvold (leiar)

Svanhild Lyngved Solheim (nestleiar)

Oluf Kvålshagen

Frikk Kolden

Ellen Olasveen

Personlege varamedlemar

Bjørnar Brustuen

Hanne S. Rusten

Kristin Lund

Jon Sjurgard

Sigrun Garmo

Fjellstyreleiar:

Erik Frisvold

Administrasjonen er lokalisert på Norsk Fjellmuseum, og i 2022 har det vore desse tilsette:

Åsmund Galde - fast tilsett fjelloppsyn og dagleg leiar.

Eilev Hellekveen – fast tilsett fjelloppsyn. 40% des-mai, 100% juni- nov.

Jo Øien – mellombels tilsett sesongoppsyn 1. august – 30. oktober.

Tilsette:

Åsmund Galde

Eilev Hellekveen

Jo Øien

Odd Repp og Magny Hilde har vore innleigd på timebasis, til saman 50 timar. Dagleg leiar har hatt 80% foreldrepermisjon i tida 1. oktober og ut året. Fråværet er dekt opp gjennom auka bruk av fjelloppsyn II og sesongoppsyn.

Arbeidsmiljø og likestilling

Det er utarbeidd og vedteke HMS-rutinar med instruksar for dei tilsette, samt at det er laga risikoanalyser og handlingsplanar. Personalhandbok og HMS verktøy er gjort tilgjengeleg digitalt. Dei til einkvar gjeldande instruksar er tilgjengelege på arbeidsplassen og blir gjennomgått årleg.

Ingen personskader

Det vart ikkje rapportert skader knytt til arbeidet i 2022.

Styret meiner arbeidsmiljøet i fjellstyret er bra. Personalpolitikken vert rekna for å vera kjønnsnøytral på alle område. Arbeidstid og løn er regulert gjennom sentrale og lokale avtaler. Norges fjellstyresamband forhandlar på vegne av fjellstyret i den sentrale forhandlinga med Naturviterne om løn- og arbeidsvilkår.

Ytre miljø

Verksemda fører i liten grad til forureining av det ytre miljø. Verksemda driv kjeldesortering. Spesialavfall vert teke vare på og levert på miljøstasjonen i Lom.

Møte og synfaringar.

Det vart halde 7 fjellstyremøte og behandla 32 saker i 2022, vesentleg færre enn i 2021. To av desse møta vart halde digitalt. Dei fysiske fjellstyremøta har alle vore opne møte. Sakene fordelte seg slik på dei ymse saksområda (saker i 2021 i parantes):

Jakt/vilt	4 (5)	Fiske/friluftsliv	2 (3)
Motorferdsel	1 (0)	Stønadsøknader	3 (7)
Grunndisponering	2 (2)	Seter/bruksr.saker	3 (9)
Adm./interne saker	6 (6)	Fritidshytter	1 (2)
Høyringssaker	5 (9)	Referatsaker	5 (7)



Bilete 1: Fjellstyret heldt møte i Gjendebu den 24. august. Her er vi samla utanfor fjellstyrehytta, og skal vidare på synfaring i Veslådalen og Gendetunga.

Det var ikkje gjennomført felles synfaring med Statskog og kommunen i år.

Fjellstyreleiar og sekretær deltok i saman med kommunen og Statskog på synfaring den 30. mai i forbindelse med spørsmål- og planar om lagerbygg ved Brimi fjellstugu, og den 15. september i forbindelse med spørsmål om omlegging av setervegen forbi Nordsetrene.

Erik Frisvold, Ellen Olasveen og Åsmund Galde deltok på eit ope møte om bygging av fritidsboligar i Vågå den 9. mai.

Representasjon og kurs for fjellstyremedlemmene/administrasjonen.

Årsmøtet for fjellstyra i Oppland vart arrangert på Fefor høgfjellshotell 20.-21. april.

Det årlege møtet for fagleg rådgjevande utval i Jotunheimen nasjonalpark vart i år halde i Vang 12.-13. september. Erik Frisvold og Åsmund Galde deltok frå Lom fjellstyre.

Fjelloppsyn Åsmund Galde har representert fjellstyret i Skaihø og Bøverdalen viltområde. I Bøverdalen VO har han også vore sekretær.

7 fjellstyremøter

32 saker til behandling

Ingen felles synfaring

Synfaring på Nordseter

Årsmøte FiO

Rådgjevande utval

Fjelloppsynet medlem i viltutvala

Svanhild Lyngved Solheim har vore fjellstyret sin representant som styremedlem i AS Vågåfisk.

2. OPPSYNSTENESTE

Oppsynsteneste, tenestosal til SNO og anna utført feltarbeid.

I 2021 var det ei vesentleg auke av refusjonspotten til statsallmenningane frå 10 til 15 millionar. I 2022 var denne posten redusert til 10 millionar, noko som for vår del utgjorde ein reduksjon frå kr 529.494 til kr 355.529. Fjellstyret utførte refusjonsberrettiga arbeid for til saman kr 1 006 761. Av feltarbeid vart det samla utført 221 dagsverk, dette er medrekna feltarbeid for SNO og andre, og utgjør om lag halvparten av den totale arbeidsmengda.

Tenestesalet til SNO var samla på 370 000, ein oppgang på 5000 frå 2021. Dette utgjorde til saman 94 dagsverk. Oppgåvene omfattar oppsyns- og skjøtseloppgåver i Jotunheimen- og Breheimen med tilliggjande verneområde, bestandsregistrering av jerv og motorferdseloppsyn. Siste åra har det vore ein auke i tenestekjøpet som gjeld vinterhalvåret, dette er særleg knytt til motoferdseloppsyn. Den sentralt avtala timeprisen for tenestene var kr 681 + mva. Tenestene utført for SNO skjedde under leiing av SNO-ansvarleg i Jotunheimen, Rigmor Solem, SNO-ansvarleg i Breheimen, Øyvind Angard, og regionalt rovviltansvarleg Esben Bø. Om lag 2/3 av arbeidet for SNO skjer i tida juli-september, den tida trafikken og aktiviteten i verneområda er størst.

Fjelloppsynet har tilsyn med og tek snømålingar ved NVE sin målestasjon på Sognefjellet. Målingane blir utført månadleg frå februar, og oftare i smeltesesongen. Den årlege deltakinga i arbeidet med bremålingane medfører både transport- og målearbeid. Oppsynet utfører oppsyns- og kontrolloppgåver for Meadalen grunneigarlag.

Rekrutteringsarbeid og samarbeid med skular.



Bilete 2: Barske glæder i Presthaugen

Fjellstyret deltok på det årlege arrangementet «Barske Glæder» 10.-11. mars. Opplegget vart i år arrangert i samarbeid med Norsk Fjellsenter og villreinsenteret på Hjerkin. På grunn av at arrangementet ikkje vart gjennomført i fjor, var det avsett to dagar der 5. klassingane frå Vågå, Lom og Skjåk hadde opplegg fyrste dagen, medan 6.

klassingane fekk kome dagen etter.

Fjellstyrets årlege familiefiskedag vart i år arrangert den 10. juli. Tradisjon tru var det varm bålpanne, kaffe og sosialt samvær i saman med med fising og naturstig med premiering. Været var på vår side og det var om lag 60 personar som deltok.

**Reduksjon av refusjon
- kr. 355.529**

221 dagsverk i felt

**Tenestosal SNO
kr.370 000**

**Snø- og bremåling for
NVE**

**«Barske glæder» 10.-
11. mars**

Familiefiskedag 10. juli

Den årlege turen til Veodalen med 7. klasse frå Lom barneskule vart arrangert 12. september. Elevane vitja fyrst reinslaktinga på Grønhøa der dei fekk innføring i drifta hjå Lom tamrein AS. Etter dette gjekk turen vidare til settefiskanlegget i Randsverk med informasjon og omvising i regi av Vågå fjellstyre. Turen gjekk vidare inn til Veodalen, der ulike grupper var med på fiskesetting i elva Veo og på Steinbuvatnet. Eftaen var avsett til grilling, fiske og leik. Dårlig vær- og værmelding var utslagsjevande for at det ikkje vart noko overnatting denne gongen.



Bilete 3: Fiskedag på Dalsvatnet

Nytt for i år er at fjellstyret har gjennomførte to prosjekt for å legge til rette for at barn- og unge skal få moglegheit til å få opplæring - og ta del i haustingsbaserte aktivitetar. Eit prosjekt tok for seg fiske med garn og eit tok for seg innføring- og opplæring i storviltjakt. Prosjekta vart gjennomført med støtte frå miljødirektoratet der vi fekk kr. 40.000 til gjennomføring av aktivitetane.



Bilete 4: Ung garnfiskar

Fiskeprosjektet vart arrangert helga 12. - 13. august. Arrangementet var lagt til Bøvertjønnene der deltagerane fekk innføring i bruk av båt, fiske med garn, tilbereding og foredling av fisk. I saman med aktivitetar knytt til fiske, var sosialt samvær, leik og trivsel i fokus. Fjellstyrehytta var base for aktivitetane og vart nytta til overnatting. Det var 4 deltagerar, eit tal vi håpar kan auke til neste år.

Opplæringsjakta vart arrangert i samarbeid med Lom jeger- og fiskerforening helga 4. til 6. november. I forkant var det gjennomført planleggings- og teorikveld der sikkerheit, etikk og human jaktutøving var i fokus. Sjølvva jakthelga vart særst vellykka. Deltagerane fekk innføring i ulike jaktformer av dyktige instruktørar frå Lom jeger og fisk. Det vart mange fine situasjonar, alle fekk sett dyr og vi



Bilete 5: Tilfredse opplæringsjegerar

Veodalstur med 7. klasse 10. september

Rekrutering av barn til haustingsbaserte aktivitetar

Garnfiskeprosjekt

Opplæringsjakt

var til og med så heldige at det vart felt både ein elg og ein hjort. Deltagerane fekk dermed ta del i heile prosessen, frå planlegging til jaktutøving og heile prosessen etterpå med utvømming, transport, slakting og til slutt foredling og bruk av råvarene.

Kurs og fagsamlingar for tilsette.

Med bakgrunn i usikkerheit knytt til cov-19 og smittevern var fagsamlinga for dei tilsette i år og avhalde digitalt via teams, den 20-21. januar. Fjelloppsyn Åsmund Galde deltok.

Den 11. mai vart det arrangert eit møte for oppsynet i Jotunheimen nasjonalpark I Vang. Tilsette frå Lom fjellstyre, Vang fjellstyre og Vågå fjellstyre deltok i saman med Rigmor Solem- og Stein Windingstad frå SNO og nasjonalparkforvaltar Kari Sveen og Eldri Nedrelo.

Rapportar – samarbeidet med SNO.

Vi samarbeider tett og godt med SNO både når det gjeld tenestekjøpsavtaler, men og i arbeidet elles. Tilsyn og skjøtsel i nasjonalparkane er utført i samråd med SNO-ansvarlege innan dei forskjellige verneområda. Tilsyn og kontroll med motorferdsel både i og utanfor verneområda har vore under leiing av regionansvarleg Øyvind Angard. Bestandsregistreringa av jerv skjedde i samråd med og under leiing av Esben Bø, regionansvarleg i SNO.

Det er ført feltdagbøker og timelister over alt arbeid og registreringar ute. Rapportering til SNO og Statskog SF har skjedd slik det er pålagt.

Det vart rapportert 3 forhold til politiet. 2 gjaldt ulovleg fiske, og ei sak gjaldt motorferdsel. Forholda vart vedteke med førelegg.

3. DYRKING, SETER OG BEITEBRUK.

Setersaker

Fjellstyret tilrådde at det vart gjeve løyve til inngjerding av eit seterhus tilhøyrande Nigard Galde, på Mytingen i Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

Tilleggsjord

Det vart gjeve fornya avtale om tidlegare utvist dyrkingsparsell til Bjørgen på Havyrju.

Fellesdrifter og beitebruk

I Gjendeområdet var det, som tidlegare, Storådalen beitelag som organiserte og stod for fellesdrifta. Dei har to faste gjeterar på deltid som

Fagsamling digitalt

**Møte for oppsynet
Jotunheimen**

Godt samarbeid SNO

**3 forhold rapportert til
politiet**

**Få seter- og
tilleggsjord saker**

held jamnleg tilsyn med dyra. Det var slept 121 dyr (117 i 2021). Drifta gjekk føre seg utan uhell av noko slag.

I fellesdrifta i Veodalen var det 11 husdyreigerar som hadde 155 dyr på beite, ein auke på heile tre brukarar og 47 dyr i høve fjoråret. Det var tilsett gjetar på heiltid som heldt dagleg tilsyn med dyra, heller ikkje her var det tap eller skader.

Kvar av felleddriftene fekk eit driftstilskot på kr. 25.000 frå fjellstyret. Det vart løyva 20.000 til Storådalen beitelag for innkjøp av ny småbåt.

Tamreinbeite

Lom tamreinlag brukar heile allmenningen på sørsida av Ottaelva med unntak av Visdalen s.a. som beiteområde. Laget hadde i år ein vinterflokk på 2.341 dyr (2.248 i 2021). Beiteleiga frå tamreinlaget var på kr 494 815. (494.937 i 2021)

Endringar i villreinen sin områdebruk i grenseområda mot Skjåk er ei aukande utfordring for tamreinlaget den tida dei nyttar beiteområda på Lomseggen. I samband med problemstillinga var det avhalde eit dialogmøte mellom villreinutval, villreinnemd, tamreinlaget og fjellstyret rett før årskiftet. Aktuelle tiltak og vegen vidare vart diskutert, og ein vonar at ein kan einast om tiltak som vil betre tilhøva for både tamreindrifta og villreinforvaltinga.

4. ANNA AREALDISPONERING – VERNEOMRÅDE.

Fritidshytter.

Det vart gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå gjeldande retningslinjer om inngjerding av hytte på Byrtnes.

I tråd med dei vedtekne retningslinjene var det gjeve løyve til inngjerding av 4 fritidshytter.

Turistanlegg.

Det var ikkje behandla saker som omhandla turistanlegg på statsallmenningen i år.

Anna om arealdisponering.

I samband med 2. gongs høyring og sluttbehandling av kommuneplanen sin arealdel, gav fjellstyret ny uttale til planframlegget. Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og forvaltinga av statsallmenningane i Lom. Fjellstyret la stor innsats i å utforme ei høyringsuttale som tek i vare bruksrettane, samstundes som ein fremjar jakt- fiske og friluftinteressene, og balanserar naturvern- og næringsutvikling. Av dei mest inngripande forslaga, som fjellstyret gjekk sterkt i mot, var framlegget om nye områder for utbygging av fritidsbustader.

**121 beitedyr i
Storådalen**

**155 beitedyr i
Veodalen**

**Vinterflokk av tamrein
på 2341 dyr**

**Løyve til inngjerding
av fritidshytter**

**Høyring og
sluttbehandling
kommuneplanen sin
arealdel**

I sluttbehandligna imøtekom kommunen uttala frå fjellstyret, landbruks-, friluft-, og naturversorganisasjonar, og tok ut alle område for fritidsbustader ved Tesse.

Verneområda i allmenningen.

For verneområda ligg det føre eigne årsrapportar som omhandlar gjennomførte tiltak, utviklingstrekk og besøksstatistikk m.m.

Varaordførar Marit Sletten var Lom kommune sin representant i nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark. Oppsynskorpset i nasjonalparken var det same som åra før. Av skjøtselsarbeid i verneområdet var ettersyn og vedlikehald av tidlegare utført arbeid på stigane og skjøtselsarbeidet i Gjendebu det viktigaste.


Rolv Enersvold var Lom kommune sin representant i nasjonalparkstyret for Breheimen. Lom fjellstyre har gjennom avtale med nasjonalparkstyret for Breheimen utført eit vesentleg arbeid med vegetasjonsskjøtsel i Høydalen, tjenestosalg for til saman kr 145.000,-

5. Eigne hytter og anlegg

Fjellstyrehyttene.

Utleiga av hyttene gjekk ned frå 356 utleigedøgn i 2021 til 334 døgn i 2022(260 døgn bestilt via inatur). Innanbygdsbuande utgjorde ca. 18% av utleigedøgn(60 døgn). Også dette året prega nok pandemien til ein viss grad reisevanane til den alminnelege nordmann, og pågangen på inatur var relativt stor i dei travlaste ferievekene.

For å sikre tilgang for lokal befolkninga, var Grønbua, Langvassbua og Veslfjellbua reservert for innanbygdsbuande i ulike periodar. Utleiga i desse periodane blir administrert direkte frå fjellstyrekontoret og må bestillast via e-post eller telefon. Leigeinntektene totalt for 2021 kom på 218.708, ei inntektsauke på 24.731 frå året før. For 2022 kom det totale salget på 168.058 ein nedgang på 50.650.



Figur 1: Reduksjon i utleigedøgn

**Marit Sletten nestleiar
Jotunheimen NP styre**

**Skjøtselsavtale i
Høydalen**


**Reduksjon i
hytteutleige**

**Utleigeinntekter
kr.218.708**



Fjellstyret har 7 hytter til utleige. Gjendehytta og Geitåbua er disponert av beitelaga, og blir i utgangspunktet ikkje leigd ut til andre. Heranosbua er forbeholdt gjetar i beitesesong og lagt ut på Inatur utanom dette. Hyttene elles kan bestillast på salssidene til www.inatur.no. Det blir opna

for sal av hyttene ved årsskiftet, og samtidig sperra for periodar reservert innanbygdsbuande eller fjelloppsynet. Diagram 1. syner utviklinga av utleigedøgn, diagram 2 viser forholdet mellom innanbygds- og utanbygdsbuande når det gjeld utleigedøgn.



Figur 2: Forhold tal overnattingsdøgn mellom utanbygds og innanbygdsbuande i bruk av utleigehyttene

Auka bruk av hyttene krev meir tilsyn, vask og vedlikehald. Det vart ikkje utført noko større vedlikehaldsarbeid på nokon av hyttene dette året, og vedlikehaldet avgrensa seg til golvlakking, utvendig beising, mindre reparasjonar og supplering av inventar og forbruksartiklar. Den 1. april hadde fjelloppsynet med seg feiaren frå Lom- og Skjåk brannvesen for feiing av piper og inspeksjon av desse samt eldstader og generell branntryggleik. Alle hyttane var tilfredsstillande med tanke på eldstad og piper, brannvarsling



Bilete 6: Feiing av pipe, Steinbua ved Memurubu

**Flest
uttanbygdsbuande
leier hytte**

**Kontroll av ildsted og
piper**

og informasjon til leigetakarar m.m., med unntak av Storådalshytta. Det er montert ei stålpipe som er av eit fabrikkat som ikkje lenger er godkjent på grunn av fleire tilfelle av brann. Storådalshytta vart difor stengd for bruk med verknad frå 1. april 2022.

Fjellstyret har vedteke å rive- og erstatte eksisterande hytte i Storådalen med ei ny av same storleik. Dette er planlagd gjennomført i løpet av 2023.

Jamleg tilsyn, husvask og forsyning med gass og ved, utgjorde ei ganske stor arbeidsmengde totalt. Supplering av ved på dei mest utilgjengelege hyttane, som steinbua ved Gjende, Storådalshytta og Gjendehytta blir som tidlegare år løyst ved å ta bjørk ved lokalitetane.

Joflyvegen.

Vegen klarte seg bra i vårløysinga og det var kjørt på eit par lass med grus og elles utført vanleg vedlikehald med skraping og salting.

6. VILTSTELL OG JAKT

Småvilt.



Bilete 7: Lemen ved Høyøyene. Smågnagere har ei viktig rolle i fjelløkostsystemet på grunn av deira påverknad på andre arter, både på vegetasjon, men ikkje minst rovdyr som har både smågnagerar og rype som ein del av dietten sin.

Jakt etter rype utgjør mesteparten av jaktutøvinga under småviltjakta. Med bakgrunn i ein fjorsesong under middels var utsiktene for rypejakta dette året noko usikker. Våren starta bra med normale temperaturar, tilstedeverelse av smågnagarar og det ein meiner er brukbare forhold for rypejuklingane. Utover sommaren gav observasjonar, eit inntrykk av kollaps i smågnagarbestanden m.m. eit noko blanda bilete. Enkelte områder var det observert nokre brukbare kull, andre område var nærast tomme med ein og annan enkeltfugl.

Lirypeetakseringa som var gjennomført i månadskiptet august/september stadfesta inntrykket, og var blant dei dårlegaste sidan fjellstyret starta med

dette for snart 20 år sidan. Med bakgrunn i takseringsresultata, og etter ei totalvurdering av forholda, gjorde fjellstyret vedtak om å frede for jakt etter li- og fjellrype jaksesonen 2022/23.

For dei som hadde førehandskjøpt jaktkort for småviltjakt, som mellom anna inkluderer jakt etter lirype og fjellrype, vart det gjeve tilbod om delvis refusjon. Av dei 162 personane som dette gjaldt, takka 142 ja til

Bruksforbud Storådalshytta

Freding for jakt etter Li- og Fjellrype heile jaktssonen

**142 refunderte
jaktkort**

refusjon. Forutan desse var det 24 personar som løyste småviltjakkort elles, og som da jakta på andre arter enn rype.

Sal av jaktkort, søknad, trekning og tildeling er som vanleg utført gjennom inatur.no. Det vart ein god del ekstra arbeid knytt til administrasjon av fredningsvedtaket og refusjon av jaktkort.

Villrein.

Fellingskvoten for villrein var i 2022 på fem dyr, same antal dyr som i fjor. Det vart 100 % fellingsprosent i Vårdalen statsallmenning og to kalvar og tre simler vart felt. Alle korta gjekk til innanbygds jegerar. Prisen på jaktkorta var som i 2021: kr.800 for kalv, kr.1.700 for simle/bukk under 40 kg og kr.3.250 for fritt dyr. Bukk under 50 kg var ikkje med på fjellstyrekvota. Dette er dei same prisane som er gjeldande for Finndalen fjellstyre. Bruttoinntekt for 2022 var på kr. 8250, same som i fjor.



Bilete 8: Kjøttbæring ned frå Brettingstunga

Jakttida vara frå og med den 20. august til og med den 14. september. Det var fortsatt jaktforbod etter kl. 19.00. Som vedtaket i 2021 fortsette prøveordninga for Reinheimen i 2022: Områda i Lesja, Vågå, Lom og store delar av Skjåk inngjekk i eit felles jaktområde. Forutsetninga var at jeger starta jakta frå eige jaktområde. Frå og med

tysdag til og med torsdag var det i periodar mogleg for jegerar med jaktkort stemplet Fellesområdet Finndalen å jakte både i Skjåk og Lesja områder, uavhengig av kva kommune jakta starta.

Samla fellingsprosent for Reinheimen-Breheimen villreinområde var på 60 % (74,8 % i 2021) I Reinheimen vart det felt 465 dyr av ei kvote på 800, ein fellingsprosent på 58 %.

Elg- og hjort.

For dei jaktfelte i statsallmenningen som inngår i Bøverdalen viltområde, var det ein grunnkvote av elg på 12 dyr og av hjort på 16 dyr, med høve til tilleggsdyr både av elg og hjort. På Vårdalen statsallmenning nord for Otta elv var det ei grunnkvote på ein elg og tre hjort. For jakta på Vårdalen/Smådalen var det ei grunnkvote på to elg og ein hjort.

I statsallmenningane som ligg i Bøverdalen viltområde er det fire jaktfelt, dette inkluderer feltet ved Gjende/Jotunheimen NP. Gjendefeltet vart i år tildelt innanbygds jaktlag frå Lom. For dei tre andre jaktfelte var det fyrste året i ei ny to-års periode.

Kvote på 5 villrein

**Fellingsprosent
Reinheimen 58%**

**Grunnkvote:
15 elg
20 hjort**

Jaktfeltet Bøverdalen var utlyst for alle, og jaktlaget til Jostein Solberg frå Notodden vart tildelt jakta. Kvoten var på 5 elgar og 7 hjortar. Det vart felt 4 elgar og 1 hjort.

Jaktfeltet Ytterdalen/Høydalen vart utlyst for innanbygds jaktlag. Jaktlaget til Asbjørn Hansen vart tildelt jakta. Grunnkvoten var på 3 elgar og 4 hjortar. Heile kvoten av elg og 1 hjort vart felt.

Jaktfeltet Visdalen/Leirdalen var utlyst til innanbygds jaktlag. Jaktlaget til Øyvind Angard fekk tildelt jakta. Grunnkvoten var på 4 elgar og 4 hjortar. Heile kvoten vart felt.

Jaktfeltet Vårdalen statsallmenning på nordsida av Otta-elva, som inngår i Skaihø viltområde, var utlyst for utanbygdes jaktlag. Jaktlaget til Daniel Skogum frå Lalm fekk tildelt jakta. Grunnkvoten var på tre hjortar og ein elg. Det vart felt tre hjortar.

Jaktfeltet Vårdalen/Smådalen var utlyst til innanbygds jegerar. Jaktlaget til Kjell Ove Trondplassen fekk tildelt jakta. Grunnkvoten var to elg og ein hjort. To elgar vart felt.

På jaktfeltet ved Gjende var det jaktlaget til Martin Fjeld som fekk tildelt jakta. Grunnkvoten var på ein vaksen hjortebukk. Ingen hjort vart felt under ordinær lagsjakt.



Bilete 9: Elgukse felt ved Tesse, 271kg.

Etter at jaktperioden for lagsjakta var slutt den 31. oktober og fram til jaktslutt for hjortejakta den 30. november, vart det ved sal av enkeltkort for jakt på hjort- og elg felt tre hjortar. Under opplæringsjakta som var arrangert vart det felt ein elg og ein hjort. Samla vart det såleis felt 14 elgar og 13 hjortar på statsallmenningane i år.

Det vart varsla om eit ettersøk i 2022. Jaktlaget gjennomførte ettersøket etter gjeldande regelverk, og dyret vart seinare friskmeldt av kommuna. Samtlege jaktlag og korttidsjegerar meldte frå til oppsynet om felling til rett tid og det var ein god dialog mellom jegerar og fjellopsynet gjennom heile jaktperioda. All elg og hjort som vart felt i allmenningsfelta vart vege og kontrollert av fjellstyret.

Prisane for elg- og hjortejakta vart justert i 2022, ei prisjustering frå kr. 80 pr. kg. til kr. 87 pr. kg. Prisane har vore uendra frå 2019, og pristigning (KPI) gjennom perioden var lagt til grunn for auka.

Samla var inntektene frå storviltjakta var kr. 243 555, ei auke på vel 40 000 frå året før.

**Felte dyr totalt:
14 elg og 13 hjort**

Prisauke storviltjakt

**Inntekt frå
storviltjakta kr.
243.555**

Fellesjaktavtala med Runningsgrenda grunneigarlag vart vidareført, og likeins avtala om leige av den private grunnen i Leirdalen.

Rådyr.

Grunnkvota i Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning var på seks dyr, eit dyr meir enn i 2021, i Vårdalen statsallmenning nord for Otta elv var det ei kvote på to dyr. Tal søknader på bukkejakt og ordinær rådyrjakt er stabil på rundt 20 personar. Kvota for bukkejakt var henholdsvis 3 og 2 dyr. I Leir- og Bøverdalen vart det skote 2, i Vårdalen nord vart ingen bukk skoten. Under den ordinære jakta i Bøverdalen vart det felt ei geit og eit kje. Dermed vart fire av seks dyr felt, same tal dyr som året før.



Bilete 10: Rådyrbukk felt ved Høyrokampen fyrste jakt dag

Prisane for rådyrjakt i 2022 var uendra frå året før: Bukkejakt frå den 10.08.: 5-døgns kort – kr. 1.000 pr. kort. Ordinær jakt frå den 01.10.: 3-vekers periodar – kr. 500 pr. kort.

7. FISKE

Fiskekortsalet.

Lom fjellstyre vedtok i sak 05/2022 ei endring av fiskereglane for Vårdalen, Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning og opna for at fiske med faststående reiskap på statsallmenningen vart tillate for alle busett i Norge, med unntak av desse vatna: Eilevsvatnet, Børjetjernet, Leiråstjernet, Preststeinsvatnet, Sleive, Mefjellsvatnet, Rundhaugstjernet og Fantesteinsvatnet. Det vart seld til saman 5 kort for faststående reiskap til utanbygdsbuande så det vart ikkje nokor dramatisk auke, men det er mogleg at ordninga treng å «etablere» seg hjå den aktuelle målgruppa. Dette vil vi få betre svar på dei neste åra.

Inntektene frå eiga fiskekortsal fall frå kr. 230.345 i 2021 til kr. 196 340 i 2022. Avtala om Jotunheimen-kortet med Luster Austre fjellstyre og Vågå fjellstyre vart ført vidare. Inntektene frå Jotunheimenkortet var samla på 88 725 (112 265,- i 2021). Lom fjellstyre har 60 % av desse inntektene, samt 5 % av brutto omsetning for å administrere ordninga. Det samla resultatet av eigne fiskekort og inntektene frå Jotunheimenkortet fall frå kr. 306.204 i 2021 til 255.904 i 2022.


4 rådyr felt

Opning for garnfiske til utanbygdsbuande

Nedgang i fiskekortsalg

Inntekt fiskekort kr.255.904

Figur 3: Oversikt salma fiskortsalg



Figur 4: Prisar fiskekort gjeldande frå 2021

Korttype	Stongkort	Stong-/oterkort. Faststående reiskap**
1-døgn	85/135*	105
3-døgn	170/240*	190
Veke	275/385*	375
Sesong	425/530*	530/700*

* Gjeld familiekort ** Gjeld berre innanbygdsbuande utanom Høyvatnet.

Settefisk.



Bilete 11: Unge fiskekultivatorar i Veo elv

Det vart totalt sett ut 1650 fisk dette året. Samtlege frå Vågåfisk AS på Randsverk. Utsetting skjedde på 5 lokalitetar, slik det går fram av tabell 4. Det var ikkje vinterutsetting på noko vatn. Settefisken til Langvatnet vart som dei 11 åra føreåt, merka med klypt feittfinne. I Langvassbua er det lagt att eit spørjeskjema til garnfiskarane der dei blir oppmoda til å registrere merka fisk i forhold til total fangst. Settefisken til Langvatnet vart merka frå og med 2010.

Informasjonen som kjem inn frå

fiskarane er verdifull for fjellstyret i forhold til bestandens størrelse,

Uendra fiskekortpriser

1650 settefisk

vekstrate og reproduksjon. Det vil lagast statistikk på dette når tilstrekkeleg med data er samla. Oppsynet stod for utsetjinga av settefisken, med unntak av Langvatnet, der friluftlivsgruppa frå Lom vidaregåande skule også i år stod for utbering og setting.

Vassdrag	Lokalitet	Stamme
		Gjende
Sjoa	Langvatnet	800*
Bøvra	Svarttjønne	300
Veo	Veo elv	200
Veo	Grønbutjønne	50
Smådøla	Eilevsvatnet	300
Sum		1650

Fisk merka med * er feittfinneklypt

Anna kultiveringsarbeid.

Det vart ikkje gjennomført prøvefiske på nokon lokalitet dette året.

Anna om fiskestellet.

Av båtane fjellstyret hadde til utleige, ved Grisletjernet, Høybrevatnet, Høyvatnet og Langvatnet, var det vesentleg båten på Langvatnet og Høyvatnet som vart nytta. Båten på Høyvatnet vert bytt ut i starten av 2023.

8. ØKONOMI.

Etter søknad vart det gjeve tilsegn om desse tilskota frå fjellkassa i 2022:

Driftstilskot til Storådalen beitelag	kr. 25.000
Driftstilskot til Veodalen beitelag	kr. 25.000
Tilskot til småbåt – Storådalen beitelag	kr. 20.000

Samla gav 2022 eit overskot på kr. 319 626. Om økonomien elles, så vert det vist til rekneskapen.

**Tilsagn om 70.000 i
tilskot frå fjellkassa**

**Samla resultat 2022
kr.319.926**

Lom, 20. mars 2023

**Erik Frisvold
leiar**

**Svanhild Lyngved
nestleiar**

**Oluf R. Kvålshagen
styremedlem**

**Ellen Olsveen
styremedlem**

**Frikk Kolden
styremedlem**

**Åsmund Galde
dagleg leiar**